

Derfor kryssar fleire nyare skogsveggar denne stigen. Ved Høgsetertjønna går ein stig opp på Åsårhø. Ein kan følgje ryggen på høa mot Gaukli-haugen og ned til merka stig mellom Slåsetrene og Høgsetertjønn.

4. Slåsetervegen frå Slåen og Josten til Slåsetrene (Seterlia)

Denne vegen vart i hovudsak brukt som seterveg for gardsbruka vest for Daleåa opp til Slåsetrene. Vegen vart køyrd med hest og slede både sommar og vinter. Etter storstormen 1987 måtte det byggast ny traktorveg som til dels går inn på den gamle setervegen. Dei enkelte bruka hadde kvar sin veg fram til dei møttest på naturleg måte oppe i skogen. Når det gjeld setrene og bruken av dei, viser vi til boka «Setrer og seterliv i Sel» (Sel Historielag 2007, side 270.)

5. Ådalen frå Smiudokka til Slåvegen ved Leiren.

Opprinneleg var dette gardsvegen til Leiren. Før Jostvegen vart bygd var Ådalen også veg til Søre Josten. Frå gammalt var brua over Daleåa bygd med skiferheller lagt på trebjelkar. Noverande bru vart bygt av sysselsettingskontoret i 1995. Nytt rekkverk i 2011.

6. Leirsetervegen frå Leiren til Slåsetrene.

Vegen går på skrå opp frå husa i Leiren. Setervegane frå Leiren og Dalelien (Risvegen, veg 7) møttest oppe på «Myre» like nedanfor setrene. Deretter kryssa dei Daleåa over «Kloppe» og opp «Kloppbakken» mot setra. I tillegg kom også ein veg frå Nysetra (Dale-Nysetra) inn på setervegane på «Myre». (Veg nr.8)

7. Risvegen frå Dalelien til Slåsetrene og Stålane.

Risvegen var óg seterveg frå Dalelien. Vegen går på skrå opp frå husa. Når han kjem opp på Steinerstigen, følgjer han denne fram til vasskjelda «Siklet» før han fortset nordover mot setrene. Omlag halvvegs mellom Steinerstigen og setrene deler vegen seg. Den andre greina går vidare oppover mot Stålane og fjellet innanfor. Denne vegen var frå gammalt brukt til å frakte mose frå fjellet og seinare til skifer- og kleberdrift. Oppe i Stållia går vegen forbi eit gammalt kleberbrot før ein kjem opp til dei store skiferbrota på Stålane. Namnet Risvegen kjem av at vegen også vart brukt til lauring, d.v.s. sanking og frakt av lauv (ris) til vinterfôr for husdyra.

8. Nysetervegen frå Nyseter til Slåsetrene.

Øvre Dale hadde i si tid ei kve på Slåsetrene. Nordre Slåen overtok kvea i 1918 og bygde opp seter der. Øvre Dale hadde også seter på andre sida av Daleåa. Denne vart kalla Dale-Nysetra eller berre Nyseter. Nordre Slåen brukte også Nysetra ei tid. Det var naturleg at vegen frå Slåsetrene vart mykje brukt til besøk og frakt av bl.a.skifer og ved til setrene. Seterhusa på Nyseter er no borte og området er prega av skiferdrift.

9. Rakstadvegen frå Nedre Dale til Rakstad med sidearmar til Nyseterjordet og Smiudokka. Tilkomstveg til bruka Rakstad, Gåtormlykkja og Bustup. Også brukt til skifertransport. Vegen tek opp frå rv. 15 aust for innmarka



på Nedre Dale. Eit gammalt råk går opp frå øverst i Smiudokka aust for Daleåa. Dette kjem inn på Rakstadvegen lenger oppe i lia. Det er også to stigar inn på Rakstadvegen frå Nyseterjordet.

10. Steinvegen frå Rakstad til Kleivslivegen.

Kleivslia er den bratte skoglia aust for Daleåa ovafor Slåvegen. Steinvegen vart brukt til skiferdrift.

11. Barvegen frå Rakstad til Kleivslivegen.

Brukt som skiferveg.

12. Steinerstigen frå Ådalen v/kvernhuset til Barvegen.

Denne vegen var sentral for bruken av utmarka aust for Daleåa (Kleivslia). Husdyra vart lokka oppetter vegen frå alle bruka i grenda. Det var svært godt beite i lauvskogen og alle bølingane vart gjette her dei fyrste dagane om våren. Ved jonsokleite vart dyra flytt til setra. Etter lauvfall om hausten vart lauvet raka saman, stappa i sekkar og frakta ned til gards som dyrefôr, først og fremst til sauene. Vegen vart også brukt til skifertransport og til adkomstveg til skiferbrota høgare opp. Leirsetervegen, Risvegen, Steinvegen og Barvegen kryssar Steinerstigen etter tur oppetter lia. Steinerstigen har fått namnet etter Steiner Jostuen som brukte vegen mykje til transport av stein frå Gåtormlykkja. Han hadde også ei seter på Kleivrudsetrene kalla Steinerkvea.

13. Kleivslivegen traktorskogsveg.

Vegen vart bygd ca. 1980.

14. Bergevegen frå Loftsgårdsjordet til Rakstad over Ner-Daleberga.

Gardsveg frå Ottekra opp til Linlykkja som er ein nedlagt husmannsplass. Noko av grunnmurane er framleis synlege. Vegen var også brukt til hestettransport av skifer og er utbetra for det formålet. Frå Linlykkja går Bergevegen vidare til Rakstad. Den eldste gardsvegen til Linlykkja, som var husmannsplass under Nedre Dahle, er ein stig som går bratt opp frå Nedre Dale.

15. Flåtvegen frå Loftsgårdsjordet via Flåten til Bustup.

Gardsveg til Flåten og vidare oppover til Bustup (Høystad) som var husmannsplass under Nedre Dahle. Da skiferdrifta tok til, vart vegen utbetra for å gjera han skikka til hestettransport. Frå Flåten går det ein gangstig nordover til Dyrstigen. Dette var den gamle setervegen frå Flåten og opp til Kleivrudsetrene. Sjå veg nr. 17.

16. Liavegen frå Otta via Liagrenda til Kleivrudsetrene og Stålane.

Vegen vart påbegynt i 1938 og bygd med handmakt som bilveg til Liagrenda. Etter krigen vart setervegen vidare oppover til Kleivrudsetrene utbetra til bilveg. Frå 1948 og fram til først på 60-talet vart vegen brukt til skifertransport med bil. Då kom det ny og betre bilveg opp til Kleivrudåsen frå Dale. Då vart det slutt på å køyra skifer ned Liavegen.

17. Dyrstigen frå Liavegen og Flåten til Kleivrudsetrene.

Dyrstigen er den eldste setervegen opp til Kleivrudsetrene. Han starta opphavelig heilt nede frå Søre Kleivrud, men er i dag stort sett brukt som turstig berre frå Liavegen og opp til Kleivrudsetrene.



Turkart over Dale og Kleivrudåsen i Sel kommune



Kjære turgåar

Vi har lagd kartet for å fortelja litt om historia knytta til vegane i området. Vi ønskjer deg velkomen og god tur.

Kartet er utgjeve av Dahle vel og Loftsgård vel med støtte frå Sel kommune.

1. Gamal skuleveg frå Josten og Slåen til Åsåren skule.

Åsåren skule vart bygd ca 1860. Ungane frå Slåen, Josten, Leiren og Dalelien gjekk her fram til skulen vart nedlagt ca. 1935. Gamle Imbert Slåen i Søre Slåen brukte mykje tid på å mure opp vegen til ein tryggare skuleveg. Vegen vart også brukt som tømmerveg ned til elva. Nesten nede ved riksvegen går eit råk vidare fram til gardsvegen til Brun og så inn på Åsårivegen (Klebervegen). Åsåren skule låg på ytre sida av riksveg 15 omlag ved Lysgård.

2. Skogsvegen frå Slåen til Åsårivegen. Bygd som skogsbilveg i samarbeid mellom skogeigarane i Åsår- og Daleområdet. Ikkje framkomeleg med bil no. Fin og lett turveg til fots og med sykkel. Ca 2,5 km lang.

3. Slåen - Høgsetertjønn (via/Åsårmoseter og Rusten seter) med forbindelse til Slåsetrene. Vegen går opp frå Slåvegen like ovafor svingen ved Midtre Slåen. Har frå gammalt vore brukt som skogsveg ned til gardane. I seinare tid brukt som turveg. Etter stormen i 1987 måtte det byggast mange nye vegar i denne lia for å få ut vindfallsvirket.